

Bryggefjell og Ånto



Bryggefjell kneisar høgt mot nord-vest for Bø. Turen opp frå parkering ved Innleggen er 4.2 km og du må klatre 430 høgdemeter.

Tur til Bryggefjell frå Innleggen

Første delen av turen går over den flate, breie fjellhylla Sletteliberga med utsikt over Bø-bygda. Vidare lange oppstigningen på god sti. Lenger oppe går stien over bratte sva. Steien til høgre er tryggare. Oppe på fjellryggen vandrar du over iskurte, nesten nakne berg som minner om høgfjell. Rundskue! Heile turen tar gjerne 1.5 til 2 timer. Etter frostnetter kan svaberga vere glatte! Særleg venstre umerka sti øvst i Bryggefjelliane.

Rundtur på Bryggefjell

Ønskjer du ein krevjande rundtur, kan du legge tilbake-turen frå Bryggefjellnuten om Tjønnsuldalen. Ta gjerne ei rast ved Skjentjønn før du går bratt ned i den tronge, djupe Tjønnsuldalen og møter gammal grov granskog og ei blinkande smal tjørn. Nedst i dalen fører ein kort sidesti til plassen Ånto. Lenger ned i Langeskora går stien bratt opp til Dingdangkyrkja. Frå Dingdangkyrkja går stien tilbake til Kolahuset og parkeringsplassen Innleggen. Regn med 4-6 timar på heile rundturen.



På Skjenan. Til høgre Skjentjønn, Bryggefjellnuten bak. (Foto Bergit Li)

Husmannsplassar

På oversida av Sletteliberga har det vore fleire plassar. Forutan Sletteli var det tre Lieneplassar. Ovafor Kolahuset låg plassane Slåtta og Bakken. Namnet Kolahuset fortel at trekolbrenning har vore vanleg i dette området.

Nede i Tjønnsuldalen låg Tjønnsdul, Kompånholet, Ånto og Flugopp. Nedst i Langeskora finn vi plassane Langeskor og Langeskorenden.



20 år jubileumvarde til Bø Turlag på Bryggefjell-nuten. Utsikt mot Bø. (Foto: Arne Hjeltnes)

Dingdangkyrkja

Dingdangkyrkja er ei hole under ei stor steinblokk som har rasa ned frå fjellsida. Segna fortel at det i løynd blei halde katolske messer her etter reformasjonen.

Tur til husmannsplassen Ånto frå Breskelia

Frå parkeringsplassen i Breskelia følger du den blåmerka traktorvegen opp til segnsteinen "Bakstekjerringa" og fortsett vidare opp bakkane til Langeskor. Her er det vidt utsikt mot bygda. Vidare oppover på ei brei fjellhylla passerer vi Treskjeberget og Hestesvea før vi til slutt kjem fram til Ånto, om lag 3 km frå parkeringsplassen. Høgdeforskjellen er 350 m.



Orkideen Søstermarihand. Foto Arne W Hjeltnes

Søstermarihand er fylkesblomsten til Telemark. Orkideen er freda. Tidleg om våren står den i full blom i Langeskor.

Her finn vi og vår-marihand og brude-spore. Kystplanta sørlandsvikke har funne seg ein leve-plass her oppe.

Sjeldne og raudlista soppartar finst i Tjønnsuldalen, som lys hårkjuke, rosenkjuke og rynkeskinn.